



Vang kommune

ArkivSakID: 26/209
JournalpostID: 26/1969
ArkivID: K1-000, K3-&13
Saksbehandlar: Erlend Haaverstad

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Uttale - Høyring av NOU 2026:1 Ein bærekraftig kommunesektor

Vedlegg:

12.03.2026	Høringssvar til kommunekommisjonens NOU 1	290398
12.03.2026	Høring av NOU 2026 1 En bærekraftig kommunesektor(582873)	290399

Saksopplysningar:

Kommunekommisjonen vart oppnemnd ved kongeleg resolusjon 9. mai 2025. Regjeringa såg behovet for å gjennomgå forholdet mellom stat og kommune fordi dagens statlege styring blir oppfatta som for omfattande og kan hindre kommunane i å nytte ressursane sine effektivt. Veksten i offentlege utgifter er venta å stige meit enn inntektsveksten i åra framover, noko som gir trongare handlingsrom både for staten og kommunane. Samstundes aukar talet på eldre, medan færre er i yrkesaktiv alder – ei utvikling som legg ytterlegare press på kommunesektoren. Kommisjonen fekk derfor i oppdrag å foreslå endringar som kan redusere styringstrykket frå staten og gi kommunane større lokalt handlingsrom.

Høyringsprosessen for NOU 2026:1

Den første delutgreiinga frå kommisjonen, NOU 2026:1 En bærekraftig kommunesektor, vart levert 9. januar 2026 og sendt på offentleg høyring. Høyringsfristen er sett til 16. april 2026. Utgreiinga beskriv dagens kommunesystem, statleg styring og dei store utfordringane kommunesektoren står overfor, og kjem med konkrete forslag til justeringar i den juridiske og økonomiske styringa. NOU 2026:1 ligg her: <https://www.regjeringen.no/contentassets/edf80b0fe8604da4baf52a06d4093851/no/pdfs/nou202620260001000dddpdfs.pdf>

Høyringssvar frå Vang kommune til NOU 2026:1

KS har laga utkast til høyringssvar. Framlegget til høyringssvar frå Vang kommune bygger på tilrådinga til høyringssvar frå KS. Kommunedirektøren rår kommunestyret å gje følgjande høyringssvar til NOU 2026:1:

Vang kommune viser til Kommunekommisjonen si grunngiving for kvifor lokalt sjølvstyre både er viktig for å gi innbyggjarane lokaldemokratisk innverknad og er den mest ressurs-effektive måten å

sikre ei berekraftig velferd over heile landet. Denne premissen må vere sentralt også i arbeidet med den oppfølgjande utgreiinga (NOU 2).

Vang kommune tilrår at Kommunekommisjonen i arbeidet med NOU 2 prioriterer å bruke ressursar på å utvikle forslag som faktisk reduserer det samla statlege styringstrykket mot kommunane, både på systemnivå og gjennom enkeltforslag.

Vang kommune deler kommisjonen si vurdering av at det er behov for eit institusjonelt rammeverk som medverkar til at statleg styring i større grad blir samordna og utøvd i tråd med rammestyringsprinsippet og prinsippa nedfelte i kommunelova, både i regjering og Storting.

Vang kommune understrekar kor viktig det er at summen av styringstiltak blir sett i samanheng med dei fastsette økonomiske rammene og den demografiske utviklinga framover, både når det gjeld etterspurnad etter tenester og tilgangen på arbeidskraft.

Vang kommune legg til grunn at regjeringa vil fremje konkrete forslag om oppfølging av Kommunekommisjonen si første delutgreiing i kommuneproposisjonen 2027 og i statsbudsjettet for 2027.

1. Til konkrete enkeltforslag i NOU 1

1. Vang kommune meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er ueigna og unødvendige verkemiddel i statens styring av kommunane, og at dei bør unngåast.
2. Dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde på hovudtrinn per skule til kommunenivå.
3. Vang kommune støttar at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 blir oppheva.
4. Kommisjonen sitt forslag om innlemming av øyremerkte tilskot blir støtta, med unntak av forslaget om innlemming av veterinært tilskotet. Vang kommune tilrår at den delen av tilskotet som blir gitt særskilt som stimuleringstilskot til dekning av veterinærtenester på dagtid i kommunar med svakt næringsgrunnlag, blir vidareført som øyremerkt tilskot.
5. Vang kommune støttar at grunnskoletilskotet blir avvika, og at beløpet blir fordelt etter dei ordinære kostnadsnøkane i inntektssystemet.
6. Vang kommune støttar forslaget om forenkling av investeringstilskotsordninga i tråd med kommisjonen sine forslag.

2. Forslag til NOU 2 – Institusjonelt rammeverk for statleg styring – Tiltak på systemnivå

Vang kommune tilrår at Kommunekommisjonen prioriterer å greie ut, konkretisere og foreslå eit justert rammeverk for statleg styring av kommunar og fylkeskommunar basert på følgjande hovudelement:

1. Vurdere og foreslå korleis staten kan tydeleggjere rommet for lokalt politisk og fagleg skjøn.
2. Gjennomgå utgreiings- og avgjersleprosessar knytte til lovarbeid, med sikte på både tydelegare vurderingar av om reguleringar er eigna og nødvendige, og ein høgare terskel for å gripe inn i den lokale handlefridomen.
3. Vurdere og foreslå system for samordning og koordinering av lovverk, og etterfølgjande evaluering av nytt lovverk.
4. Greie ut korleis ei sterkare vektlegging av konsekvensar for heile kommunen eller fylkeskommunen sitt tenestetilbod kan innarbeidast i statlege klageordningar, og foreslå alternativ til statleg klagehandsaming.
5. Vurdere om ein bør innføre ein høgare terskel for overprøving av kommunen sitt frie skjøn i særlover.

6. Vurdere om det bør etablerast andre tvisteløysingsordningar i tillegg til dagens ordinære domstolsbehandling for å handsame tvistar mellom stat og kommune der det er usemje om skjønsmessig lovforståing.
7. Vurdere tiltak som kan gi reell samordning av styringssignal og prioriterte oppdrag i tildelingsbrev til underliggjande etatar, og redusere omfang av og detaljeringsgraden ved statleg tilsyn.
8. Redusere kommunar og fylkeskommunar si informasjonsplikt overfor statsforvaltninga.
9. Greie ut tiltak som kan styrke etterlevinga av det institusjonelle rammeverket for korleis staten skal styre kommunesektoren.
10. Greie ut korleis eit tverrdepartementalt kontinuerleg arbeid med forenkling av eksisterande reglar kan gjennomførast som del av arbeidet med kommuneproposisjonen og statsbudsjettet, og inngå i dei faste møta med KS.

3. NOU 2: Ytterlegare endringar i dagens verkemiddelbruk – enkeltforslag

Vang kommune tilrår at Kommunekommisjonen prioriterer å greie ut, konkretisere og foreslå endringar i dagens verkemiddelbruk innanfor følgjande område:

1. Meir fleksible bemanningsnormer i barnehagesektoren, kompetansekrav knytte til bruk av tvang i helse- og omsorgssektoren, og oppmjuking av språkkrav for helsepersonell med yrkeskvalifikasjonar frå land utanfor EØS og Sveits.
2. Tiltak som frigjer kapasitet til oppdatering av overordna arealplanar, inkludert forenklingar knytte til planstrategi og planprogram for samfunnsdelen, og prosesskrav ved mindre og moderate endringar i gjeldande planar. Kommisjonen bør også vurdere behovet for endringar i plan- og bygningslova som reduserer talet på motsegn og varsel om motsegn, særleg når reguleringar er i tråd med overordna og oppdaterte planar.
3. Fremje forslag om eit eige lovutval for ny eigedomsskattelov med betre pedagogisk oppbygging og struktur, og enklare reglar for taksering og utskriving av skatt.
4. Auke ambisjonsnivået for gjennomgang av aktørlover som bind store administrative ressursar i kommunesektoren utan tilsvarande nytte for innbyggjarane.
5. Arbeide vidare med korleis statens pedagogiske verkemiddel kan utformast slik at statsforvaltninga ikkje avgrensar det lokale sjølvstyret utover det som går fram av lov og forskrift.
6. Vurdere ytterlegare innlemmingar og forenklingar av øyremerkte tilskot, med krav om konsekvensvurdering av omfordelingseffektar.
7. Gå gjennom enkeltparagrafar i helse- og omsorgstenestelova for å tilpasse lovverket til endra rammer, personellsituasjon og demografi.
8. Be Arbeids- og inkluderingsdepartementet tydeleggjere handlingsrommet for rammevedtak etter sosialtenestelova § 18, eller endre lovteksten slik at dette går klart fram.
9. Vurdere om samanslåing av lovverk innanfor oppvekstsektoren kan bidra til forenkling og betre rammevilkår for tverrsektorielt samarbeid.
10. Vurdere korleis statleg styring av kulturfeltet kan forenklast.

4. NOU 2: Andre forhold

Vang kommune tilrår at Kommunekommisjonen prioriterer å greie ut, konkretisere og foreslå endringar innanfor følgjande område:

1. Vurdere korleis statsforvaltarane utøver rolla si, inkludert eventuelle variasjonar mellom embeta.
2. Arbeide vidare med økonomiske og juridiske verkemiddel som støttar kommunane sine egne val om å slå seg saman eller samarbeide meir omfattande og langsiktig i faste konstellasjonar, også om velferdsoppgåver.

3. *Vurdere korleis digitaliseringsarbeidet kan innrettast slik at statleg sektorisering ikkje hindrar utviklinga av heilskaplege og samanhengande tenester, og ikkje påfører kommunesektoren urimelege kostnader eller krav om bruk av løysingar som ikkje er tilpassa sektoren. Fremje forslag om endringar i forsøkslova og anna forsøkslovgiving slik at kommunar og fylkeskommunar kan prøve ut meir gjennomgripande forsøk.*

Vurdering:

Eit sentralt føremål med kommunekommisjonen er å sjå på område kor den statlege styringa av kommunane gjev det lokale sjølvstyret urimeleg snevert handlingsrom til å løyse kommunen sine oppgåver ut frå lokale behov, ressursar og løysingar. Derfor må ein ikkje tolke fjerning av til dømes lærarnorm eller kompetansekrav som at kvaliteten på tenestene i skule eller helse og omsorg skal takast ned. Forskjellen er at kommunane vil få mynde til å avgjere korleis oppgåvene skal løysast innanfor krava til tenestenivå og økonomiske rammer, utan at staten skal detaljstyre korleis kommunen gjer det. På dette grunnlag finn kommunedirektøren høyringsuttala frå KS sentralstyre som eit godt grunnlag, og fremjer følgjande innstilling til kommunestyret:

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til forslag til uttale til NOU 2026:1 slik det går fram av saksframlegget, og gir kommunedirektør fullmakt til å sende inn høyringsuttalen.